



Kjell- Ove Sanden
Hillandsvegen 9A
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/6193 - 14/20488

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
11.09.2014

Svar på søknad om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg, gbnr 134/114, Hillandsvegen

Teknisk drift syner til søknad om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg, gbnr 134/114. Reguleringsplan for området viser/omtalar ikkje byggegrense mot kommunal veg, Veglovas § 29, annet ledd, vert derfor gjort gjeldande.

Vedtak:

Teknisk drift vil gje dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg på følgjande vilkår:

- Minste avstand mellom mur og kant kommunal veg skal være minimum 2,0m (eigedomsgrense) i søraust (sjå vedlagt kart datert Teknisk drift, VVA, 11.09.2014).
- Minste avstand mellom bod og midt kommunal veg skal være minimum 10,0m (sjå kart datert Teknisk drift, VVA, 11.09.2014).
- Minste avstand mellom tilbygg (sommerhage) og midt kommunal veg skal være minimum 12,0m (sjå kart datert Teknisk drift, VVA, 11.09.2014).

Vedkommande dispensasjon frå avstandskrav til offentleg leidingsnett:

Dispensasjon frå avstandskrav til offentleg leidningsnett er gitt av Arne Helgesen i e-post datert 11. august 2014 der det står følgjande:

Har lagd eit nytt kart der eg har flytta leidningar litt, omtrent slik dei blei lagt om. Har og lagt inn ca strekk der du skal etablere ny mur. Som vi snakka om på staden er det viktig at mur er fundamentert på ein slik måte, at det er mulig å grave seg ned på hovudleidningane utan at det påvirker mur, utrasing av masser innunder mur etc. For å oppnå dette er det viktig at murfundament er like lavt som botn leidningar, dette er spesielt viktig lengst aust der mur er oppe i 2,5 m.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Alversund Maskinstasjon skal ha målt inn den nye ledningen, denne må du få påvist av dei, slik at du veit kva avstand du har til den nye muren, 1. m. avstand må det min. vera uansett.

Abeidet skal utførast som avtalt med Teknisk drift, VVA, ved Arne Helgesen

Det er med heimel i Veglova §§ 29-31 og standard abonnementsvilkår – tekniske og administrative bestemmelser at Teknisk drift skal setje krav til tiltak langs kommunal veg og kommunalteknisk anlegg.

Klage:

Vedtaket kan påklagast til kommunen jf. lov om offentleg forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkommande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøva kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Revidert situasjonskart gbnr134-114

Kopi til:

Lindås kommune ved byggesak
Lindås kommune ved VA avdelinga
Lindås kommune ved vegavdelinga

Mottakarar:
Kjell- Ove Sanden

Hillandsvegen 9A 5911

ALVERSUND